



Uskedal musikklag spela juletonar i Dalheim.

Veteranane i Uskedal musikklag er inne i ein relativt travel periode med julespelingar. Fredag var det julegrantenning her i bygda og laurdag spela dei på eit kjekt førjulsarrangement i Omvikdalen. Neste søndag, 13.desember kl.19.00, deltar korpset på den tradisjonelle julekonserten medan dei avsluttar julespelingane på tradisjonelt vis på julefesten i Vonheim 4.juledag.

Korpset har det siste åra spela på Omvikdalen ungdomslag sitt førjulsarrangement. Tradisjonelt sett har første del av dette føregått i Dalheim før ein har avslutta med fakkeltog til Hjelmeland der korpset har spela i ei løe, og juletonane har breidd seg utover bygda derfrå.

Grunna veret måtte arrangementet i år leggjast om. Fakkeltoget vart kutta ut. Første del av programmet vart avvikla på tradisjonsrikt vis i Dalheimskjellaren med julegraut, pølser, kaker i store mengder, åresalg så det kvein, god prat og anna julemor. Etterpå flytta publikum opp i hovudsalen der Uskedal musikklag spela juletonar medan julenissen kom til stor begeistring for borna.

For musikklaget sin del vart det flotte arrangementet avslutta med at dei vart invitert i ungdomshuskjellaren til overdådig servering.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland